



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
24.02.2017
Dykkar dato
10.01.2017

Vår referanse
2017/490 561
Dykkar referanse
14/1011

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fylkesmannen rår frå søknad om regulering av Rennedalsvatnet

Fylkesmannen viser til at Rennedalsvatnet ligg i eit område med nasjonale og vesentlege friluftsiinteresser. Søknaden manglar konsekvensanalyse om landskap og friluftsliv.

Vurdert ut frå samla belastning på landskapet meiner vi at det ikkje er rom for meir utbygging i området. Fylkesmannen rår frå søknaden.

Fylkesmannen viser til søknad om regulering av Rennedalsvatnet i Mauranger i Kvinnherad, med formål å auke effekten på Gjerde kraftverk. Kraftverket har vore i drift sidan 2007.

Søkjjar si grunngjeving for utbygginga er å auke produksjonen og styrke næringsgrunnlag for grunneigarar og fallrettshavarar.

Om eksisterande kraftverk og nytt tiltak

Inntaket til dagens kraftverk ligg nedanfor Rennedalsvatnet. Nytt tiltak gjeld løyve til å regulere Rennedalsvatnet og slik nytte det årlege tilsiget i nedbørsfeltet i eksisterande kraftverk på meir effektiv måte. Reguleringa blir mellom HRV 585 og LRV 580. Installert effekt i dagens kraftverk er på 1,7 MW. Eter reguleringa vil denne auke til 1,9 MW. Utbygginga vil føre til at det blir færre dagar med overløp over demninga.

Det ligg eit massedeponi frå tidlegare utbygginga ved utløpet av vatnet. Det skal byggjast ein dam med høgde 5 meter under brua ved enden av vatnet. Minstevassføring blir som i dagens konsesjon, 40 l/s om sommaren og 10 l/s om vinteren. I følgje søkjjar blir det ikkje trong for eige arrangement for å sikre minstevassføring, det alltid vil bli tappa vatn frå Rennedalsvatnet dersom det er tilsig frå nedbørsfeltet. Det blir ingen endringar i eksisterande inntak, røyrgate eller kraftstasjon. Ein vil nytte anleggsvegen som går langs Gjerdeelva frå Gjerde til Mysevatn.

Andre kraftverk i området

Gjennom Folgefonnutbygginga er det tidlegare gjennomført mange utbyggingar i området. Vatn til Mauranger kraftverk kjem frå Blådalsvatnet, Svartedalvatnet, Mysevatn og frå takrenneprosjektet frå Bondhus. Om lag 30 prosent av nedbørsfeltet til Gjerdeselva inngår i denne overføringa. Saman med småkraftverket i vassdraget framstår difor Gjerdeselva som eit vassdrag som er påverka gjennom tidlegare utbyggingar.

I området elles ligg Jukla kraftverk ved Markjelkevatn med overføringar. Det ligg og fleire småkraftverk kring Maurangerfjorden, som Kroka, Tveiteelva, Gjetingsdalen og Dalelva kraftverk.

Verknader på naturmangfald

Landskapet rundt Rennedalsvatnet er prega av høge og bratte fjell, rasmarker og ope bjørkeskog. Området i og rundt vatnet har mykje stein og berg. Elva er bratt og er karakterisert med grov stein og strekningar med stryk.

Harde og sure bergarter i området gir artsfattige vegetasjon som ikkje gir grunnlag for stort biologisk mangfald. Det er ikkje gjort registreringar om viktige naturtypar eller arter i området. Konsekvensar for biologisk mangfald er difor små, og er sett til *liten – middels negativ konsekvens* (ferskvatn og biologisk mangfald i elva).

Landskap og brukarinteresser

Øvre del av vassdraget har store landskapsverdiar knytt til nærleiken til Folgefonna. Søkjar viser til eksisterande inngrep i form av veg og tippar nær vatnet, og meiner at bygging av reguleringsdam ikkje vil ha særleg verknad på landskapet, då det vil vere synleg berre i eit avgrensa landskapsrom. Søkjar hevder at området ikkje vert nytta til friluftsliv, og ein viser til at næraste merka ruta frå Sundal til Fonnabu ligg 2 km unna.

Fylkesmannens vurderingar

Fylkesmannen har ingen merknader til utbygginga ut frå verknader på biologisk mangfald.

Områda kring Folgefonna nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde har nasjonale og vesentlege regionale interesser, og området har besøkande turister og andre tilreisande frå inn- og utland. Veggen forbi Rennedalsvatnet er ein av fleire innfallsportar til Folgefonna og naturområda rundt, og vert nytta om sommaren. Turruten er bratt, men har store opplevingsverdiar, som skil seg vesentleg ut frå oppgangen frå Sunndal. Samla gir dei moglegheit for varierte val av turveggar.

Ei ny demning vil etter vårt syn vere synleg lange deler av turvegen, som går i svært ope terreng. Inngrepet vil etter Fylkesmannens vurdering vere negativ for opplevingsverdiane, ikkje minst sett ut frå dei mange tekniske inngrepa som er i området frå før.

Vi meiner ut frå dette at søknaden er ufullstendig når det gjeld opplysningar om friluftinteresser og landskap. Desse interessene er difor undervurdert i konsekvensanalysen. Vurdert ut frå samla belastning på landskap bør det etter vår oppfatning ikkje opnast for fleire inngrep i dette området.

Vi viser og til at tiltaket gir ein svært liten auke i kraftproduksjon. Fordelane ved tiltaket er langt mindre enn ulempe for natur og friluftsliv. Det er soleis ikkje er grunnlag for å gi konsesjon til regulering av Rennedalsvatnet. Fylkesmannen rår frå utbygging.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

| | | | |
|--|-----------------------|------|-----------|
| Miljødirektoratet | Postboks 5672 Sluppen | 7485 | TRONDHEIM |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag | Tverrgt. 4/6 | 5017 | BERGEN |
| Kvinnherad kommune | Rosendalsvegen 10 | 5470 | Rosendal |